



Høyanger kommune

Møtebok

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	02.12.2014	056/14
Kommunestyre	16.12.2014	071/14

Festeavgifter i Høyanger kommune

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek i samsvar med Høyanger kyrkjelege fellesråd sitt vedtak i sak 20/14 å auke festeavgiftene på gravplassane og kyrkjegardane i kommunen til kr. 200 frå 01.01.2015 og kr. 250 frå 01.01.2016.

02.12.2014 Formannskap

FS-056/14 FRAMLEGG - samr. som tilråding med følgjande tillegg – nytt pkt.:

Kommunestyret vedtek at når ei festa grav vert teke i bruk, vert retten til fri grav gjort gjeldande. Endringa gjeld frå 01.01.2015.

16.12.2014 Kommunestyre

KS-071/14 VEDTAK - samr. som framlegg med tillegg - nytt pkt.

Utskrift sendt: Høyanger kyrkjelege fellesråd
bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no

Saksutgreiing

Sakshandsamar: Arve Varden	Arkivkode: 231	Arkivsaknr 14/841
--------------------------------------	--------------------------	-----------------------------

Vedlegg:

Auke i festeavgifter i Høyanger kommune

Bakgrunn

Høyanger kommune har motteke brev frå Høyanger kyrkjelege fellestråd der dei ber kommunen oppjustere festeavgiftene på gravplassane/kyrkjegardane i kommunen frå kr. 150 pr år til kr. 200 pr år i 2015.

Fellestrådet sin motivasjon for å auke inntektene og festeavgiftene er å møte forventa framtidige driftsutfordringar, jfr. vedlegg.

Vurdering

I samsvar med §21 i gravferdslova så er det Høyanger kommune som fastset festeavgifta for gravplassane/kyrkjegardane i kommunen.

I paragraf 21 i gravferdslova står det:

Kirkelig fellestråd fastsetter vedtektene for gravplasser. Vedtektene skal godkjennes av bispedømmerådet.

*Avgifter for bruk av gravkapell, kremasjon og feste av grav **fastsettes av kommunen etter forslag fra fellestrådet.***

Utifrå § 3 i gravferdslova er Høyanger kyrkjelege fellestråd tillagt ansvar for å forvalte gravplassane og kyrkjegardane i kommunen. I denne paragrafen står det og at «*Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra fellestrådet.*»

Med bakgrunn i at fellestrådet er tillagt driftsansvaret for gravplassane og kyrkjegardane, finn rådmannen det vanskeleg å vurdere om ein auke i festeavgiftene er nødvendig eller ikkje. I denne saka vel ein å stole på at fellestrådet har gjort ei adekvat vurdering av kva som er best for drifta til fellestrådet – på kort og på lang sikt.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen tilrår kommunestyret å følgje Høyanger kyrkjeleg fellestråd sitt forslag om å auke festeavgiftene frå kr. 150 pr år i 2015 og til kr. 200 pr år, og deretter auke til kr 250 pr år frå 01.01.2016.